



Her er det behov for to lampar for å gjera vegen forbi gardsbarnehagen tryggare. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Når kjem det lys i den kommunale vegen nedanfor den nye Dønhaug Gardsbarnehage? Det spurte Magne Huglen om under møtet i Gamleskulen måndag og minna om ei purring til kommunen for lang tid sidan.**

Han minna om at vi no går inn i ei mørk årstid og at det kan vera farleg å gå langs vegen så lenge den ikkje er opplyst.

Gatelyset sluttar like nedan for gardsbarnehagen og krysset med vegen opp til Dønhaug og byggjefeltet i Skårhaug og det trenges to nye lampar i vegen forbi gardsbarnehagen, blir det påpeika.

- Eg skal ha det i tankane, men kan ikkje eksakt seia når lyset kjem, seier Ivar Kåre Døssland i kommunen, som Huglen har hatt kontakt med.  
Også Døssland konstaterer at det er behov for to lampar for å få lyset samanhengande.

Av Ola Matti Mathisen